
Emne: OST- OG VINKVELD

Dato: mandag 19. februar 2018 17:42:21 sentraleuropeisk normaltid

Fra: Knut Medhus

Til: Knut Medhus

Hei. Mange av dykk er truleg på Holsåsen eller kjem dit neste veke for å nyte vinterferien. Og vinter det har me å by på i store mengder. Det betyr at alt ligg veldig godt til rette for flotte skiturar i flotte løyper. Det er køyrt to nye løyper i forbindelse med vinterferie og seinare påskeferie. Tverrløype frå Øyslivatn til Trøstadalen – dermed får du ein ny flott runde og løype frå Nysetkrysset til Nedremyrstølen og Fjelløypa, noko som også opnar for nye rundmuligheter. Følg med på Holsåsen sti- og løypenemnd på Facebook for oppdaterte meldingar om løypenettet.

For arrangement i Hol kommune og elles i dalen er det lurt å sjekke innom Kva skjer i Hallingdal – dei er rimeleg oppdaterte.

Holsåsen Vel inviterer til ost- og vinkveld på Hol ysteri som i fjor. Her blir servert ostar frå Hol, der repertoaret er enno større enn i fjor og vin som er tilpassa ostane av vinkelner som også vil fortelja om dei ulike vinane.

Arrangementet på Hol ysteri er 26. mars. Prisen er 490,- per person og 890,- for par. Påmelding så snart som mulig til Inger Lise. E-post inger-lise.jespersen@outlook.com

Helsing

Holsåsen utmarkslag as

Knut Medhus